



# Inn på tunet -løftet



Planting. Foto: istock.com/Halppoint



Applebar. Foto: istock.com/Copyright



Josevann. Foto: istock.com/Silvia P. Picca

## Frå eldsjel til system Inn På Tunet og arbeidstrening

Pilotprosjekt i Vestland  
2020-2022



Løking. Foto: istock.com/...

## Innleiing

Statsforvaltaren og to pilotkommunar i Vestland har, gjennom Inn på tunet 2, arbeidd med å finne element som hemmar og fremjar Inn på tunet-satsing, og sett etter løysingar der det er utfordringar. Innan fagområdet Psykiatri, rus og arbeidstrening har samfunnet mange utfordringar. Mange fell utanfor arbeidslivet på grunn av ulike psykiske utfordringar, og Inn på tunet kan vere eit godt tilbod til svært mange i denne gruppa. Pilot-kommunane har gjort seg erfaringar og samla dokumentasjon, for å kunne bidra til betring av system og arbeidsmåtar, og for å skape best mogeleg overføringsverdi til andre kommunar og fylke.

Rapporten viser vi kva som er utført i prosjektet og kva erfaringar vi har gjort oss.

Mandatet seier:

«Gjennom pilotene skal det kartlegges hvilke utfordringer kjøper møter ved oppstart, hvilke kriterier som legges til grunn ved valg av leverandør og hvilke løsninger som blir valgt. Det skal gjøres en vurdering som sier noe om kostnadene og kvaliteten ved bruk av IPT-tjenester sammenlignet med tilsvarende tjenestetilbud.»

Det er ikkje gjort systematisk kartlegging, sidan prosjektet skulle ha med kommunar med lite eller ingen Inn på tunet-aktivitet. Det tek tid å byggje opp eit tilbod, både for kommunane og for bonden.



Frå språktrening og integreringstiltak på Gullvegen gardstun, Bømlo Foto: Peter Tubaas

## Oppsummering

Gjennom to år har prosjektet gjort seg mange erfaringar. Her oppsummerer vi det viktigaste:

- Eit sampel på tvers av sektorar, mellom kjøpar og tilbydar og mellom kommune og stat, og ei god koordinering av dette har svært mykje å seia for om vi kan lukkast med å få til eit mangfaldig velferdstilbod der Inn på tunet er eit av tilboda.
- For å lukkast med å nytta Inn på tunet som eit lavterskeltibod for menneske utan arbeid og gje dei mogelegheit til å koma inn i ordinært arbeid trengst det ei eiga ordning i NAV-systemet
- Vi bør få meir forskning på gevinstrealisering og mogelegheit for økonomisk gevinst ved bruk av Inn på tunet
- Det trengst godt rettleiingsmateriell i arbeidet

## Hovuderfaringar

### Utfordringar kjøpar møter ved oppstart og mogelege løysingar

#### Forankring og koordinering

Forankring i administrativ og politisk kommuneleiing og tvrerrfagleg samarbeid er viktige suksessfaktorar for å få på plass Inn på tunet-tilbod.

I oppstartsfasen hadde prosjektleiinga møte og samtalar med kommunedirektørar og ordførarar. Det har vore eit ønskje at kommuneleiinga kunne vere tett på prosjektet undervegs. Gjennomgåande forankringsarbeid skjer internt i kommunane. Det er utfordrande å identifisera konkret korleis forankring systematisk kan skje i kommunane, då kommunar er svært forskjellige både i storleik og i organisering.

Prosjektleiinga har nytta lokal prosjektleiar som kontaktperson i kommunen. I Bømlo kommune har prosjektet vore godt forankra, dels fordi lokal prosjektleiing har vore i kommunedirektøren sin stab og delvis fordi det har vore jamlege løypemeldingar til Utval for Levekår og Formannskapet. Det har vore meldingssaker, med status for prosjektet i april 2021 og januar 2022, samt at det er planlagt meldingssak tidleg våren 2023.

Stad kommune har hatt presentasjon av Inn på tunet-løftet til stab, kommunalleiarar, kommunedirektør og politisk nivå.

Mange kommunar har få tilsette med stabsfunksjonar, og dermed lite ressursar til å ivareta koordinerande arbeid. Prosjektet erfarer at dette gjer kommunane meir sårbare og dårlegare rusta til å velja tenlege løysingar innanfor velferdsområda. Mykje av velferdsarbeidet går på tvers av sektorar, og utan eit koordinerande ledd er det svært arbeidskrevjande å få på plass eit samarbeid.

Velferdssystemet i Norge kjem frå fleire ulike finansieringskjelder. Dette er også ei utfordring i arbeidet med koordinering og heilskapstenking. T.d. er sjukehusinnlegging kostbart. Dette har ført til at mange med psykiske utfordringar kjem for tidleg ut av sjukehuset til ein kommune som skal overta ansvaret. Ofte fører dette til at det er kort tid til neste innlegging, sidan kommunen gjerne ikkje har ressursar til å kunne gje eit tilbod som fører til "recovery" og gjer pasienten frisk og aktiv i samfunnet.

## **Økonomi**

Begge kommunane har hatt utfordringar med å finna finansieringskjelder for Inn på tunet-tenestene. Det er kun gjennom kjøp av einssilde plassar at ein har kunne halde oppe eit Inn på tunet-tilbod. Dette har ikkje gjeve tryggleik for leverandørane, som då ikkje veit kva dei kan forvente av arbeid fram i tid. Likeeins har det gjort rekruttering av einssilde brukarar utfordrande, då ein ikkje har hatt høve til å laga eit langsiktig tilbod og det kunne vera etisk problematisk å gi kortsiktig tilbod.

Ingen av kommunane har sett av ressursar fram i tid. Dette gjer det krevjande å jobba for godkjenning av nye gardar eller investering i utstyr eller infrastruktur for eksisterande gardar. Det er likevel verdt å merke seg at meir langsiktig planlegging og finansiering vil kunne koma som ei følgje av at erfaringar og innspel kan inngå i planprosessar og andre langsiktige prosessar.

Erfaringar frå prosjektet viser vidare at kommunikasjonen mellom kjøpar og tilbydar er svært viktig, og at tilbydar må få god kunnskap om økonomiske rammer og kunna tilpassa seg bestillar sine ønskje.

Det vert etterlyst eit oppsett for utrekning av prisar for tilbodet. Det er vanskeleg for ein kommune utan Inn på tunet-erfaring å setje opp ein god kravspesifikasjon og sjå føre seg kva eit tilbod skal koste.

## System og NAV sine ordningar

Ingen av kommunane lukkast i å finne langsiktige løysingar saman med NAV Tiltak eller hovudkontora i distrikta med å få til oppretting av Grønt Arbeid (NAV sitt namn på Inn på tunet-tilbod) gjennom AFT-ordninga. Denne ordninga har tidlegare vore brukt i Vestland for å pål fem gardar. Ved å bruke ei slik «pakkeløysing» har desse gardane gitt gode tilbod til brukarane. Her ser ein ei god utvikling med gode resultat. I ein avisreportasje i Hordaland Folkeblad i mai 2021 uttrykkjer deltakarane på Eide gard i Kvam at dei har stor nytte av opphaldet gjennom å kjenna meistring, læra mykje forskjellig og prøva nye ting. Reportasjen seier at i 2020 kom tre av fire deltakarar frå tilbodet ut i fast arbeid. Hovudgrunnane til gode resultat er at aktivitetane er arbeidsretta og strukturerte heiter det i artikkelen.

Fire av desse gardane er framleis med. Grunnen til at ein av gardane no er ute av ordninga er samansett, men skuldast i hovudsak innsøking frå NAV si side.

Kommunane hadde eit sterkt ynskje om å kome i gang med Inn på tunet. Dette fordi det er gjennom konkrete kjøp at ein kan gjere seg naudsynte erfaringar.

Som kommune er det uklart korleis ein går fram for å finne finansiering for tenester til ei gruppe som gjerne har lav funksjonsevne og det ikkje er realistisk å sjå inn i ordinært arbeid på kort sikt. Vi erfarer også at gruppa som er mest aktuelle for dette tilbodet er veldig relaterte til «Ungt utanforskap» - typisk i alderen 20-30 år, som ikkje kvalifiserer for så mange tenester/stønadsordningar som er oppbyggjande for å på lang sikt få høgare funksjonsevne og komme i arbeid. Det bør gjerast ein skikkeleg gjennomgang av kva tilbod og stønadsordningar slike brukarar kvalifiserer for – bør få – og kven som skal ha ansvar for dette (NAV eller kommune). Den samfunnsøkonomiske gevinsten av å lukkast med prosjekt retta mot denne gruppa er svært høg, ettersom dei har mange potensielle år i arbeidslivet.

Kommunane hadde brukarar med ulike utfordringar, som hadde behov for eit arbeidsretta lavterskel-tilbod og der kommunen såg at Inn på tunet ville kunna vere eit godt tilbod. Mange av brukarane er langt frå ordinært arbeid, og det finst i liten grad økonomiske tilskotsordningar til kommunen for desse. Dette fører til at dei vert gåande utan eit tilbod og kan mista moglegheiter for eit aktivt liv. Recovery er eit kjent og sentralt omgrep i helsesektoren, og det kan sjå ut til at noverande offentlege ordningar ikkje ivaretek dette i god nok grad.

“Recoveryorienterte tjenestemodeller har til felles at hjelp er en menneskerett som en ikke skal gjøre seg fortjent til. Både bolig og arbeid er for eksempel grunnleggende for at en skal

ha kapasitet til en videre recoveryprosess, samt at det i seg selv muliggjør en slik prosess.”  
NAPHA - Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid<sup>1</sup>

Inn på tunet-tilboda er avhengige av at det er nok brukarar som treng tilbodet til ei kvar tid. Gjennom god koordinering mellom sektorar og einingar kan ein få til ei tilfredsstillande finansiering som kan kome både tilbydar, kjøpar og brukar til gode.

Det er ulikt kor stor landbruksproduksjonen er på det einskilde gardane som tilbyr Inn på tunet. Det å ha ei sikker inntening som grunnlag for drift vil nok gje ei viss tryggleik for tilbydaren, men realitetane er nok meir slik at ein stor del av brukarane treng tett oppfølging av bonden/arbeidsleiaren/tilbyderen. God oppfølging er ein føresetnad for ei vellukka rehabilitering av brukarane. Det er denne tette oppfølginga som må finansierast. Samstundes er det viktig med ei forventningsavklaring mot både tilbydar og brukar om at det i dei fleste tilfelle er korkje mogleg eller ønskeleg å ha 1-til-1-oppfølging. Særleg bør ei vurdering og evaluering av gruppestorleik inngå når ein startar opp nye tilbod eller tilbod på ny-godkjende Inn på tunet-gardar.

Gjennom bruk av AFT-ordninga kunne ein sjå at satsane var tilstrekkelege for å sikre 1:5. i oppfølginga. Dette er ein god ordning som gjev tilstrekkelig dekning for innsatsen i eit slikt tilbod. Det kan sjå ut som om at mangelen på slike ordningar er grunnen til at ein ikkje klarer å finne løysingar på finansieringa av Inn på tunet. Kan hende er Inn på tunet lite kjent rundt om i landet. Det kan vere grunnen til at til at det er tungt å starte prosessen med å få til eit tilbod. Det er viktig å ha tilstrekkeleg kunnskap om kva dette inneber, før ein kjøpsprosess kan starte.

Konklusjonen frå pilotane i Vestland er kort og godt at om ein skal få dette til trengst det å vera ei særleg ordning for Inn på tunet. Slik kan ein byggja opp eit system for dei som ikkje kan ha eit ordinært arbeid, og gje dei moglegeheit for å bidra i samfunnet på sikt.

## **Tilbod for innvandrarar med fluktbakgrunn**

Bømlo kommune si vaksenopplæringseining fekk i gang eit svært vellukka tilbod til innvandrarar med fluktbakgrunn. Tilbodet syner at denne gruppa vil ha god nytte av slike tilbod, både for språktrening og arbeidstrening. Dei har fått visa ressursane, talenta og arbeidskapasiteten sin, får bygd CV og får slik kortare veg ut i arbeidsmarknaden. Inn på tunet-bonden og vaksenopplæringa har hatt nært samarbeid om tilbodet, og kan også stilla

---

<sup>1</sup> <https://napha.no/content/13883/recovery>

som referanse ved søknad om ordinært arbeid. Prosjektet har laga ein god [film til inspirasjon](#) for andre kommunar.



Det verkar som om det trengst ei langsiktig «prosjekttenking» for å sikre økonomi og kunnskap hos kjøpar. Ei ordning der kommunar og andre kjøparar av velferdstenester frå Inn på tunet kan få starthjelp for å kome i gang er ei av løysingane som kan hjelpe fram Inn på tunet. Ei startpakke som inneheld både finansieringshjelp, men og ei rådgjevingsteneste er ein tanke det kan spinnast vidare rundt.

## **Kriterier for val av leverandør, val av løysingar og gjennomføring av kjøp**

Inn på tunet-gardane og gardbrukarane er forskjellige både i form av kva produksjonsnivå dei har, kva grad for tilrettelegging dei gjer og kva tenester som inngår i tilbodet.

Prosjektet har arbeidd med hjelpemiddel for å få god oversikt over ulike val ein må gjere ved kjøp av Inn på tunet-tenester og korleis ein skal kunne velje det beste tilbodet. Dette arbeidet har munna ut i eit rettleiingshefte, med vurderingsskjema, som kan brukast av dei som skal kjøpe Inn på tunet-tenestene. Dersom fagfolk på området, saman med innkjøpsansvarlege, vurderer saman vil ein kunne sikre ei best mogeleg vurdering. Desse dokumenta kan brukast til å skaffe seg oversikt i starten av ein kjøpsprosess kor det er viktig at dei ansvarlege set seg inn i nokre dei av utfordringane dei vil møte på når dei går ut i marknaden for å leite opp

---

<sup>2</sup> <https://www.youtube.com/watch?v=sXy9J2DOTUY>

dei tilbyderane som er der. Vurderingsskjemaet er laga som ei matrise som kan skrivast inn i og som ein kan ha med seg inn i arbeidet med å lage ein kravspesifikasjon.

Geografisk plassering og skyssproblematikk kan skape utfordringar for Inn på tunet-tilbod. Lang køyreveg, og det at deltakarane må vera på garden ut dagen, kan skape nokre utfordringar, knytt til psykisk helse.

Skyssproblematikk eller elles eit gjennomgåande tema. I nokre tilfelle har deltakarar sjølve sertifikat og bil, medan det i andre tilfelle er slik at tilsette i kommunen fraktar deltakarane til og frå. Dette er med på å skapa tryggleik. I nokre tilfelle er dei også med på garden.

Bømlo sin erfaring med inngåing av fyrste kontrakt med tilbydar viste også behov for oppdatering av handbok for-kjøp av Inn på tunet-tenester, samt behov for å ha gode kontraktsmalar som gjev tryggleik om at tilhøve som t.d. personvern er godt ivareteke. Dette vart meldt inn til Landbruksdirektoratet og Stiftelsen Norsk Mat, som har ansvar for Inn på tunet-nettsida.

## **Kostnader og kvalitet i samanlikning med andre tilbod**

Mange ser på Inn på tunet-tilbod som ei dyrare løysing enn reint kommunale tilbod, sjølv om det kanskje ikkje har vore gjort ei kost/nytte-vurdering og tala ikkje har vore analysert. Når ein kjøper tenester vert kostnadane meir synleg, sidan det kjem faktura. Når tenestene vert levert internt i kommunen ser ein ikkje alle kostnadane så godt. Dette kan vera ein av grunnane til at ein tenkjer at det er eit dyrare tilbod enn det reint kommunale. Det er også ulik kultur og haldningar til kjøp av tenester frå privat sektor. Her trengst det å kommunisera ut at Inn på tunet i stor grad kjem inn under sosialt entreprenørskap og at det ikkje er snakk om stor inntening og utbytte. Ein tilbydar må ha nok innkome til løn og andre utgifter, m.a. lokale og utstyr, men Inn på tunet-tilbydarar har også eit sosialt aspekt i engasjementet sitt.

Det har også vore gjort relativt lite på økonomisida i forskingsprosjekt. Det meste av Inn på tunet-forskinga handlar om innhald og korleis brukarar og pårørande opplever tilboda. Det ville vore nyttig å fått forskarar frå økonomiske utdanningsinstitusjonar, t.d. NHH eller BI. Samfunnsøkonomiske perspektiv er viktig - kva gagnar den einskilde og samfunnet, men også dei meir tydelege økonomiske vurderingane; kost/nytte for kjøpar.

Kommunane i prosjektet har ikkje hatt kartlegging på kostnader og kvalitet i samanlikning med andre tilbod, og det er også vanskeleg å finne eit godt samanlikningsgrunnlag.

Kommunen har nytte og interesse av å "løfta blikket" og arbeida med slike spørsmål, men i kvardagen ser vi at økonomi og relativt kortsiktig økonomi fyller tida.

Kva er kvalitet i praksis og kva kvalitetsnivå skal vi leggje oss på? Dette er sentrale spørsmål i vurderingsarbeidet. Det er mange som har nytte av Inn på tunet, men ikkje alle, og korleis skal vi vurdere kva tid det er balanse mellom kostnad og nytte?

Det er nyttig at Inn på tunet-tilbydarar veit noko om kommunale planar, og at dei gjev attendemelding på relevante høyringar. Denne kunnskapen bør vere ein del av ei tilbydaropplæring.

Verdien av Inn på tunet-godkjenning er også ei sak vi bør løfta og kommunisere ut. Ein del gardar vel å ikkje gå gjennom godkjenningsordninga. Inn på tunet-tilbydarar må kommunisere tydeleg kva kvalitet og tryggleik som ligg i Inn på tunet-godkjenninga.

For at ein kjøpar skal kunne vurdere ulike tilbod opp mot kvarandre må ein ha eit felles samanlikningsgrunnlag. Det ville vore av stor nytte om det fanst utviklingsmidlar for kommunane, der dei kunne kartleggje behov for velferdstenester framover og sett dei opp mot ulike løysingar og tilgjengelege ressursar. Dette passar godt inn i Kommune 3.0-tenkinga.

## **Tiltak i prosjektperioden**

### **Statusmøte og erfaringsutveksling**

Det har vore lagt opp til faste fellesmøte med pilotkommunane, der vi får informasjon om kva som skjer i prosjektet, sett opp mot prosjektplan. Her har vi elles diskutert behov og utfordringar i arbeidet og korleis vi kan handtere desse. Det har elles vore lagt opp til uformell kontakt mellom prosjektleiar og koordinatorane i kommunane etter behov, og tilbod om rettleiing frå fagpersonar.

### **Etablering av prosjektleiing og tverrfaglege grupper i kommunane**

I Bømlo kommune vart rådgivar for folkehelse og frivilligheit peika ut som lokal prosjektleiar. Dette danna eit godt grunnlag for tverrfagleg arbeid. Kommunen har sin eigen lokale prosjektplan, for å sikre kontinuitet og målretta arbeid. NAV Bømlo og Bømlo vaksenopplæring er viktige aktørar i arbeidet.

Prosjektet har kopla seg til KS si satsing, Ungt utenforskap. I denne satsinga ser ein mot systema, og korleis dei verkar fremjande eller hemmande for ungdom og unge vaksne sin plass i samfunnet. Vi hadde eit møte med prosjektleiar i KS tidleg hausten 2021 og Bømlo kommune deltok på ein workshop same haust.

## **Kartlegging**

Gjennom kartlegging i kommunane er det identifisert kven som kan vera særleg aktuelle målgrupper, og det er løfta fram viktige hindringar og behov i prosessen med å få på plass tilbod.

Ein sentral del av arbeidet har dreia seg om å finne eigna gardar for føremålet. Sidan det var eit nasjonalt mål for pilotprosjektet var at deltakande kommunar skulle ha lite erfaring med Inn på tunet frå før måtte tilbod byggjast opp i prosjektperioden. Bømlo har ein godkjent gard. I Stad har det teke lang tid med godkjeningsprosess og ein har ikkje fått alt på plass.

Kommunane har ikkje brukt landbrukskontora så aktivt i arbeidet. Dette kunne vore auka. Landbrukskontoret har god oversikt over aktuelle tilbydarar og har også kunnskap om korleis garden kan få god fagleg hjelp til å byggje opp tilbod. Den viktigaste årsaka til dette har vore at ein i mangel på langsiktig finansiering ikkje har sett grunnlag for ei brei prosess mot aktuelle gardbrukarar.

Det er utarbeidd ein rettleiar, med vurderingsskjema for kjøp av tenester. Vi har særleg sett eit behov for kartlegging av Inn på tunet-bonden sine personlege eigenskapar og garden sine kvalitetar, sett opp mot brukargruppe. Dette er komplisert å få inn i offentlege innkjøpsordningar, og med ei god matrise vil ein lettare kunna sjå og samanlikna. Vi har vore i dialog med Agenda Kaupang i dette arbeidet, for å kunna få det koordinert med det arbeidet dei gjer, knytt til innkjøpsprosess. I alt materiell er det viktig å syta for klart språk og formuleringar som er lett forståelege for både innkjøpar, fagavdeling og bonde.

Stad fekk ikkje gjennomført kjøp hos godkjent Inn på tunet-gard i perioden, men har testa ut rettleiaren gjennom kartlegging av gardar. Det har vore ein omfattande prosess med kartlegging av potensielle brukarar til prosjektet. Det ein har sett at det er må takast nøye etiske vurderingar når ein skal involvere sårbare grupper i kortvarige prosjekt. Rus og psykiatri er nok noko av den vanskelegaste gruppa ein kan jobbe mot i slike tilfelle, då konsekvensen av brotne forventningar kan vere stor. Det å tenke langsiktig, med klare mål og forventningsavklaring har vist seg å vere avgjerande for å få eit godt resultat.

Kontaktperson i psykisk helse- og rusteneste har sett positiv effekt hjå brukar som har deltatt på prøvetilbodet. Brukar uttrykker betre livskvalitet ved å fylle kvardagen med noko

meningsfylt, meistring og betre tru på seg sjølv i sosial samanheng. Brukar føler også at man er blitt meir løysingsorientert. Det har også vore reduksjon i bruk av nedroande medikament i perioden. Kontaktpersonen fortel også at etter at perioden var gjennomført har det kome fleire etterspurnadar frå fleire som kan tenkje seg dette tilbodet.

## **Innkjøp, oppstart og evaluering**

Bømlo har prøvd ut Inn på tunet-tilbod for to grupper. Første opphald, frå april til september 2021, vart gjennomført i samarbeid med NAV. Det vart lagt stor vekt på å få erfaringar med kontraktsinngåing (sjå vedlegg 1). Vidare vart erfaringane evaluert i møte i juni 2021 (sjå vedlegg 2). Opphaldet gav nyttige erfaringar i høve inngåing av kontrakt og gjennomføring av opphald. Brukarane gav gode tilbakemeldingar. Ei hovudutfordring som er identifisert er at arbeidstrening som ikkje fell inn under NAV sin Arbeidsførebuande trening (AFT) manglar finansiering. Dette vart kommunisert til Statsforvaltaren i statusmøte og statusrapport oktober 2021.

Andre opphald vart gjennomført i november, i samarbeid med Bømlo vaksenopplæring. Inn på tunet er her ein del av eit opplegg i det IMDI-finansierte prosjektet *Ein veg inn i lokalsamfunnet*, der flyktningar med lav formell kompetanse, men erfaring frå til dømes gards- og handverksarbeid startar arbeidstreninga med Inn på tunet. Viktige mål for kjøpa er då språkleg kunnskap og generell kompetanse om norsk arbeidsliv, inkludert krav til helse, miljø og sikkerheit. Som del av opplegget vart det utvikla arbeidsbøker, der sentrale omgrep og prosessar er skildra med bilete og omsett til ulike språk. Vidare la ein vekt på ressurskartlegging med brukarane innleiingsvis, i tråd med Bømlo kommune sin gjennomgåande bruk av den styrkebaserte ABCD-metodikken<sup>3</sup>. Opplegget er evaluert. Erfaringane har vore svært gode, og det har vore gjennomført fleire kjøp i 2022. I samband med kjøp nummer to testa Bømlo ut vurderingsskjemaet som er utvikla i prosjektet. Ein opplevde at vurderingane som vart gjort gjennom dette var verdfullt, også når ein berre har ein aktuell tilbydar. Det er også laga ein film om opplegget<sup>4</sup>.

Det har vore mange utfordringar for å få prosjektet opp å gå i Stad. Stad kommune har ikkje kome i hamn med å få "Inn på tunet" -godkjente gardsbruk i perioden, men har hatt kontakt og prøveopplegg på gard under godkjenning

I siste fase av prosjektet har dialogen og interessa frå NAV lokalt vore aukande i Stad. Det er stor interesse for å sjå på Inn på tunet som ein del av det dei verktøya dei kan bruke

---

<sup>3</sup> <https://www.bomlo.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-frivillighet/folkehelse/abcd-i-bomlo/>

<sup>4</sup> <https://www.youtube.com/watch?v=sXy9J2DOTUY>

framover, for å løyse sine oppdrag. Utfordringa er økonomi og finansiering. NAV lokalt har sendt spørsmål om dette oppover i sitt system. Det er også planlagt eit møte med lokal Inn på tunet- prosjektleiar, der temaet er korleis vi kan dra nytte av erfaringar frå prosjektperioden.

## **Arbeidsbøker, til nytte i arbeidet med språk- og arbeidstrening**


I samband med Gullvegen Gardstun på Bømlo sitt opplegg for innvandrarakar med fluktbakgrunn vart det laga fire arbeidsbøker til bruk i språktrening og arbeidslivsforståing.

Arbeidsbøkene er delt inn i desse emna:

- arbeidsoppgåvene
- dyr
- utstyr og verktøy
- garden og HMS

Dei er til god hjelp i arbeidet, og har stor nytteverdi for deltakarane. Dei kan også nyttast til norske Inn på tunet-deltakarar.

Arbeidsbøkene skal digitaliserast, slik at dei kan nyttast på fleire måter og som del av aktive læringsformar.



## Vegen vidare

Det er gjort mange erfaringar i prosjektperioden. I begge kommunane er det lagt stor vekt på å dokumentere utfordringar, problemstillingar og vurderingar.

Målet no er å bruka desse til å finna nye løysingar for denne målgruppa.

Det er viktig med kunnskap om kva type brukarar som er aktuelle Inn på tunet-brukarar og kva mål vi meiner vi kan setje for deira bruk av Inn på tenestene, basert på deira ressursar og interesser. Innanfor rus, psykisk helse og arbeidstrening ser vi at det er viktig å identifisere gode mål og læringsutbytte for arbeidsførebuande trening som er tidlegare i årsaksrekka enn det å vere klar for å gå ut i ordinært arbeid.

## Gevinstrealisering

Det er arbeid mykje med gevinstrealisering for offentleg sektor, mellom anna gjennom ulike forskingsprosjekt. Velferdsteknologi, der ein kjøper tenester frå privakte aktørar for å løysa utfordringar i helsesektoren, er ofte henta fram som eksempel i dette arbeidet. Inn på tunet-verksemnd har mange likskapstrekk, sjølv om det ikkje handlar om tekniske løysingar. Dette bør inn i framtidig FOU-arbeid og bli tatt med når ein skal gå på leit etter kva ein har å vinna på å velja ulike løysingar.

Statsforvaltaren i Vestland har vore med i referansegruppa for eit prosjekt som skal kartleggje bruk av Grønt arbeid i NAV. Telemarksforskning, som har gjennomført prosjektet, presenterte rapporten i mars i år. Dette er nyttig kunnskap for vidare arbeid med dette temaet.<sup>5</sup> NAV har redusert bruken av Grønt arbeid og konklusjonen er at dette skuldast endringar i føringar for tiltaksbruken i NAV. Vi håpar at oppdragsgjevarane for unjdersøkinga følgjer dette opp og gjer endringar som er til nytte for menneska dette gjeld og for framtidig arbeidsliv.

Godkjenningsordninga Inn på tunet er viktig å ta vare på, for å sikra kvalitet for kjøparar og brukarar av tenestene. Relativt få bønder vågar å satsa, sidan det er usikkert om dei får oppdrag og sidan godkjenningsprosedyren er omfattande og krevjande. Kommunane i Inn

---

<sup>5</sup> <https://www.telemarksforskning.no/telemarksforskning-har-kartlagt-arbeidsmarkedstiltaket-gront-arbeid/>

på tunet-løftet Vestlang ønskjer ei differensiering i godkjenningsordninga, slik at ein ikkje treng å tilpassa garden på område som ikkje er relevante for Inn på tunet-aktiviteten.

Hovudkonklusjonen frå prosjektet er at for å få til kjøp av Inn på tunet-teneste over tid må vi setje ordninga inn i eit system som ikkje er avhengig av enkeltpersonar (eldsjeler), noko som kan være utfordrande slik mange kommunar er organisert i dag. For dette fagområdet er det også verdt å merke seg at det vil vere behov for å sjå på samspelet mellom kommune og stat, samt helseføretak. Vi må, uavhengig av ulike organisasjonsstrukturar, tenkje på tvers og korleis vi kan gjere dette i praksis. Dette må også kunne gjennomførast i organisasjonar som ikkje har dedikerte støtte - /stabsfunksjonar. Uansett organisering ser vi at det trengst kunnskap om dette på eit nivå i organisasjonen som har beslutningsmynde og moglegheit til å ha eit overordna blick på behov og kartlegging, på tvers av ulike tenester.

Bergen 14. desember 2022

Ragna Flotve

prosjektleder

sign

Bjørn-Harald Haugsvær

leder i styringsgruppa

sign

## Vedlegg 1: Organisering og gjennomføring av prosjektet

Statsforvaltaren i Vestland har vore prosjekteigar, Ragna Flotve har vore prosjektleiar og assisterande landbruksdirektør Bjørn-Harald har vore prosjektansvarleg.

### Styringsgruppe

Styringsgruppa har bestått av:

- Bjørn Harald Haugsvær (leiar), assisterande landbruksdirektør, Statsforvaltaren i Vestland
- Kjersti Sognnes, seniorrådgjevar, avdeling Nærings- og samfunnsutvikling, Vestland fylkeskommune
- Øystein Breirem Jacobsen, seksjonsleiar Helse, sosial og barnevern, Statsforvaltaren i Vestland

Ragna Flotve, prosjektleiar (Statsforvaltaren i Vestland) har vore sekretær for gruppa.

Styringsgruppa har hatt overordna ansvar for styringa av prosjektet, og har bidrege til å sikre koordinering mellom samarbeidande organisasjonar på systemnivå, faglege innspel knytt til lovverk og har vore ein drøftingspartner for prosjektleiar.

Gruppa har hatt møte knytt til rapporteringsarbeid og har elles vore med på å knyte kontakt mellom prosjektet og regionale fagmiljø.

### Fagleg hjelp i prosjektet

Prosjektet har hatt nært samarbeid med ekstern rådgjevar, Rune Hove Hansen, som har svært god kunnskap og erfaring innan psykiatri- og arbeid, mellom anna gjennom tidlegare arbeid i NAV-systemet og pådrivar for etablering av Grønt arbeid i NAV. Rune har rettleia pilotkommunane i arbeidet med å utvikle og etablere kvalitetssikra Inn på tunet-tilbod for dei aktuelle målgruppene. Han har bidrege til avklaringar, gjennom kontakt med NAV-systemet og gardar innan Grønt arbeid, delteke på møte med kommunane og rettleia kommunane. Han har også hatt hovudansvaret med å utarbeida materiell for vurdering av Inn på tunet-tilbydarar.

### Andre ressursar å spele på

I prosjektet vårt har arbeidet primært gått føre seg i pilotkommunane. Vårt ansvar som prosjektleiing har vore å støtte opp om arbeidet og gje hjelp og rådgjeving. Vi har også bidrege med å byggje nettverk mellom dei tilboda kommunane vil starte opp og erfarne Inn på tunet-tilbod innan same fagområde. Det er fem *Grønt arbeid*-bedrifter i fylket. Rune Hove

Hansen har vore i kontakt med fleire av dei, og nokre av dei har bidrege med råd og rettleiing.

Vestland fylkeskommune har vore knytt til prosjektet gjennom jamlege møte, og tilbod om fagleg rettleiing. Folkehelsekoordinator og koordinator for flyktningar og integrering har vore svært positive medspelarar

Helse- og sosialavdelinga hos Fylkesmannen i Vestland har bidrege i prosjektet med fagpersonar innan området. Avdelinga har tett kontakt med NAV-området og kan vera gode hjelparar i å spreia informasjon og auka kompetansen om Inn på tunet på dei lokale NAV-kontora.

Vi arrangerte ein kort workshop, med representantar frå kommunane, styringsgruppa, Vestland fylkeskommune, ved koordinator for folkehelse og flyktningararbeid og representantar frå landbruksavdelinga og helse- og sosialavdelinga hos Statsforvaltaren i Vestland like over nyttår 2022. Fagkonsulent, Rune Hove Hansen, deltok også. Her vart det peika på ulike behov og kva utfordringar ein ser i systemet, og korleis ein kan handtera desse. Det vart vidare diskutert potensialet for i Inn på tunet i framtida. Inn på tunet som tilbod for handtering av traume og for språktrening for flyktningar vart særleg løfta fram.

## **Kommunane**

Dei to pilot-kommunane ligg lengst sør og lengst nord i Vestland. Dei er ulike, men representerer på kvar sine måtar den typiske vestlandskommunen.

Bømlo kommune starta svært tidleg og har kome relativt langt i prosessen, medan Stad kommune har hatt fleire skifte i lokal prosjektleiing og har hatt ein del utfordringar med framdrifta.

Vi har gjeve kommunane stort spelerom til å møta problemstillingane på dei måtane dei har funne mest naturleg.

Prosjektleiinga har hatt samtalar og møte med kvar einskild kommune og med kommunane saman.


## **Samarbeid med dei andre pilotprosjekta**

Vi har hatt felles møte med alle pilotane og direktorat annankvar månad. Det er bra å kjenne til kva dei andre prosjekta arbeider med og å drøfte utfordringar, og vi har, gjennom møta, også fått oppdatert informasjon frå direktoratet.

Vi har også brukt møta til meir generelle diskusjonar rundt Inn på tunet-utvikling, mellom anna den nasjonale Inn på tunet-nettsida, som ikkje fungerer godt nok. Dersom ein skal oppnå optimalt resultat av pilotarbeidet er det viktig at informasjonskanalane verkar godt.

Prosjektnettsida vart klar til bruk sist vår. Målet har vore å informere om prosjektet og dei ulike pilotane, og spreie informasjon gjennom prosjektperioden.

## **Vedlegg 2: Notat, med refleksjonar frå Stad kommune**



### **Oppgåvefordeling:**

Ein kan i statlege føringar sjå ei oppgåveforskyving frå spesialisthelsetenester til kommunehelsetenester. Det er no slik at milde til moderate psykiske lidningar skal kommunen sjølv kunne behandle og følgje opp. Med tanke på ressursar må vi derfor sjå på andre måtar å yte tenester for å ivareta alle som har behov for hjelp. Noko av det som er hensiktsmessig å sjå på er kven som skal løyse kva oppgåver, og vi må bruke rett kompetanse på rett plass. "Inn på tunet" vil kunne gje gode tilbod til dei som dette passar for, og på denne måten kan ein prioritere andre pasientar i desse tidsromma. Ein vil, med å komplimentere kvarandre i eit tenestetilbod, gjere at fleire innbyggjarar som har psykiske utfordringar, og har behov for helsehjelp, vil kunne motta dette.

### **Økonomi i kommunalsektor:**

Ei stor utfordring når det gjeld planlegging i kommunalsektor er at ein planlegg for den perioden som politikarane er valt inn. Det kan vere større linjer som går over lenger periode enn dette, men det er ikkje sikkert at desse vil bli gjeldande i neste periode. I tøffe økonomiske periodar der ein må prioriterer hardt er førebygging og langsiktig behov vanskeleg å prioritere. Dette er prioriteringar som ikkje er lett å sjå den økonomiske gevinsten av i den inneverande

perioden. Etter mange år i kommunal sektor kan man av og til gjenkjenne vanskane med å trekke parallellar til andre prosjekt for å dra utbytte av dette.

“Inn på tunet” har mykje som er gjenkjennbart frå implementering av velferdsteknologi. Det er å løyse oppgåver på andre måtar. Det er private aktørar som må inn på banen å levere eit produkt, og kommunen må ha kartlagt kva kravspesifikasjonar ein har behov for å få på plass. Når det gjelder velferdsteknologi er det også utarbeid fleire gevinstrealiseringsrapportar som kommunane kan nytte seg av i arbeidet med å få implementert og forandra arbeidet. Etter desse to åra, sit eg igjen og reflektera om kvifor ikkje vi ser mot like prosjekt for å sjå kva har fungert og kvifor får vi ikkje dette til å fungere på same måte med “Inn på tunet”.

### **Økonomi i eit samfunnsperspektiv:**

Eit felles utfordringsbilete er at vi samla sett må sjå på korleis vi kan drive kostnadseffektive teneste i Noreg. Det er når vi drøfter dette perspektivet det begynner å bli veldig komplisert. For korleis skal ein klare å få til ei prioritering hjå den einskilde kommune, der sparinga vil skje i eit helseføretak? Tilbakemelding frå brukarar hjå oss er at dei har fått ein auke livskvalitet, og reduksjon i behov for nedroande medikament. Dersom dette er effekten hjå fleire vi får inn i eit slik tilbod, vil vi både spare pengar på medikament som er på blåresept, og det vil forhindre eller utsetje behov for innleggingar. Det er stadfesta at det er for få sengeplassar innan psykisk helse og rus. Som supplement til å auke tal senger, må vi også sjå på kva andre faktorar som kan vere med for å hindre behov for innleggingar.

Dersom ein pasient er utskrivingsklar og ikkje får reise tilbake til heimkommunen, blir kommunane fakturerte for pasientar per døger dei blir liggande etter at sjukehuset har definert at dei er ferdig behandla. Såkalla liggedøgn. Det finnast ingen intensiv ordning for kommunar som rustar opp kommunale tilbod som forhindrar innleggingar. I psykisk helse og rus, som er eit helseområde som skal prioriterast og byggjast opp etter mange år med å bli bygd ned, er det viktig å få på plass rammer for ordningar som “Inn på tunet” for at kommunane skal klare å gje eit forsvarleg tilbod til alle som har behov, med dei ressursutfordringane som vi veit vil kome dei kommande åra. Det bør også vere ei økonomisk dreining frå helseføretak til kommunale tilbod dersom oppgåvene også skal ha ei slik dreining. Effekten av ei slik oppgåvedreining utan ein økonomisk dreining er vanskeleg å sjå føre seg.

Venleg helsing

**Katrine Holvik Skinlo**

Einingsleiar Bu- og miljøtenesta

Stad kommune



**Statsforvaltaren i Vestland**

**Kontakt:**

Ragna Flotve  
Statsforvaltaren i Vestland  
[fmhorfl@statsforvalteren.no](mailto:fmhorfl@statsforvalteren.no)